



Her skal småbruket verta enda større

Det er 6 år sidan vi skreiv at Arne Johannes Haugland dreiv stordrift på småbruket sitt - Vetle Haugland. Sidan den gongen har den merkelappen vorte stadig meir aktuell og no er er han igang med eit nytt stort løft - han utvidar det dyrka arealet sitt nedafor vegen til kalkstasjonen.

Prosjektet omfattar 20 nye mål i tillegg til dei 35 måla han har i dette området frå før og dermed legg han grunnlaget for å utvida buskapan enda meir. Når det eventuelt vil skje kan ikkje den driftige bonden svara på førebels. Heller ikkje vil han stipulera nokon sluttstrek for det nye området der utfyllinga har pågått i fleire år allereie.

Det trengs mykje jord og stein og no er det entreprenør Røsseland som har intens trafikk til området frå Ospelunden der grunnarbeidet for dei 2 neste tomannsbustadane er igang.

3 generasjonar har gjort eit storverk på Vetle Haugland der Haugland Maskin er ein imponerande, forlenga arm av jordbruksdrifta. Det er utruleg kva ein kan få ut av eit småbruk hvis ein har vilje og pågangsmot.
- Men no skal eg pensjonera meg, seier Arne Johannes.

Vi trur ikkje på han!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Det er fin utsikt frå det nye området